

## Høringsnotat

**Framlegg til revisjon (2023) av utfyllende reglar for skrivemåten av norske stadnamn**

### Innhald

1. Bakgrunn
2. Struktur
  - Strukturen i regelteksten
  - Strukturen i høringsnotatet
3. Framlegg til endringar som følgjer av revisjonen av lov- og forskriftstekst
4. Framlegg til endringar i oppsettet av reglane
5. Framlegg til endringar i reglane

## 1. Bakgrunn

Språkrådet sender med dette ut til allmenn høyring framlegg til revisjon av dei utfyllande reglane for skrivemåten av norske stadnamn. Endringane som er føreslåtte, får konsekvensar for tilrådingar og vedtak om skrivemåten av nye adressenamn og andre stadnamn etter lov og forskrift om stadnamn.

Språkrådet kan etter § 15 i forskrift om stadnamn «fastsetje utfyllande språkreglar om korleis norske og kvenske stadnamn skal skrivast». Reglane skal godkjennast av Kulturdepartementet. Den gjeldande versjonen av dei utfyllande reglane blei vedtekne av Språkrådet og godkjende av Kulturdepartementet i 2018.

Bakgrunnen for denne revisjonen er endringa som tredde i kraft 1. juli 2019 av lov om stadnamn og den følgjande endringa frå 2022 av forskrift om stadnamn. I tillegg er det teke omsyn til røyntslene Språkrådet, Kartverket og kommunane har hatt med dei gjeldande reglane, og kva som bør presiserast eller justerast.

Alle framlegga til endringar som er skildra i dette notatet, har vore behandla av fagrådet for stadnamn. Framlegga kan justerast eller endrast etter innspel i høyringa. Vi oppmodar difor alle interesserte til å setje seg inn i framlegga og sende inn høyringsfråsegn dersom dei har synspunkt og innspel som bør vurderast.

Korleis skal høyringsfråsegnene utformast?

Vi oppmodar høyringsinstansane til å formulere seg klart og kortfatta om framlegg til justeringar eller avvising av dei endringane som er føreslåtte. Alle som ønskjer det, kan sende inn høyringsfråsegn. Fråsegnene er offentlege etter offentleglova og blir publiserte på nettsidene til Språkrådet.

Korleis sender ein inn høyringsfråsegn?

Høyringsfråsegner skal sendast på e-post til [post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no) seinast 1. november 2023.

## 2. Struktur

Strukturen i regelteksten

Teksten som presenterer dei reviderte utfyllande reglane, er som før delt inn i bolkar som er strukturerte tematisk. Bolk 1 går gjennom grunnleggjande omgrep i lovtekst og forskriftstekst som reglane gjev forklaringar og eksempel på. Bolk 2 omtalar kjønn, tal og form. Bolk 3 gjer greie for på kva måtar ulike typar språklydar (diftong/monoftong, jamvektsformer, konsonantsamband osv.) kan attgjevast i skrift i stadnamn. Bolk 4 presenterer ulike variantar for korleis bøyingsendingar kan skrivast (t.d. kva for endingar bunden form eintal av sterke hokjønnsord kan ha). Bolk 5 gjev døme på kva for dativformer som kan brukast i stadnamn og når. Bolk 6 tek for seg samansette stadnamn: ulike typar av slike namneformer, ulike måtar å danne samansette stadnamn på og korleis desse kan skrivast.

Strukturen i høyringsnotatet

Høyringsnotatet er strukturert slik at avsnitt 3 tek for seg dei endringsframlegga som er ei følgje av at lovteksten og forskriftsteksten blei endra i 2019 og 2022. Avsnitt 4 gjer greie for føreslåtte endringar i oppsettet av reglane og har òg med grunngjeving for desse. Avsnitt 5 har framlegg til endringar i reglane. Her er både framlegg til tekstlege endringar, som vi meiner bidreg til klarare språk og tydelegare formuleringar, og framlegg til endringar i lys av røynslene med tilrådingar etter regelverket dei siste åra og i lys av vedtakspraksis.

### 3. Framlegg til endringar som følgjer av revisjonen av lov- og forskriftstekst

Dette er dei føreslåtte endringane:

- tilvisinga til § 15 i forskrifta og heimelen for Språkrådet til å fastsetje utfyllande reglar:

<b>Avsnitt</b>	<b>Frå (opphavleg tekst)</b>	<b>Til (føreslått endra tekst)</b>
<i>Ingress</i>	Desse reglane er ei utfylling til § 3 «Særleg om norske stadnamn» i forskrift om stadnamn, vedteken 23. mai 2017.	Desse reglane er ei utfylling til lov om stadnamn og tilhøyrande forskrift, med heimel i § 15 «Utfyllande reglar» i forskrifta.

- tilvisinga til definisjonen av «nedervd lokal uttale» i lova § 2 bokstav e:

<b>Avsnitt</b>	<b>Tekst som er lagd til</b>
<b>1.1</b>	<i>Lova § 2 bokstav e</i> «Nedervd lokal uttale: uttale som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk.»

- tilvisinga til nytt andre ledd i § 4 i lova, som før stod i forskrifta, om avvikande skrivemåte som har «vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd»:

<b>Avsnitt</b>	<b>Frå (opphavleg tekst)</b>	<b>Til (føreslått endra tekst)</b>
<b>1.1</b>	<i>4 første ledd:</i> «Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåte av stadnamn takast utgangspunkt i <i>den nedervde lokale uttalen</i> . Skrivemåten skal følgje <i>gjeldande rettskrivingsprinsipp</i> for norsk og samisk.»	<i>4 første og andre ledd:</i> «Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i <i>den nedervde lokale uttalen</i> . Skrivemåten skal følgje <i>gjeldande rettskrivingsprinsipp</i> for norsk og samisk. Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan

#### 4. Framlegg til endringar i oppsettet av reglane

Dette er dei føreslåtte endringane:

Det er gjennomgåande sett inn nummererte avsnitt med informative underoverskrifter i dei bolkane der fleire tema blir behandla. Dette gjeld følgjande bolkar:

- Bolk 1 *Grunnleggjande omgrep* har no fått ni underavsnitt (1.1–1.9, der oversikta over aktuelle paragrafar i lova og forskrifta utgjer avsnitt 1.1).
- Bolk 3 *Ordformer* var delt inn i ti underavsnitt, men desse er utan tittel i den gjeldande versjonen av reglane. Bolk 3 har no fått 11 underavsnitt (3.1–3.11) og det er sett inn framlegg til informative titlar på alle avsnitta.
- Bolk 4 *Bøyingsverk* har, i tillegg til tre underavsnitt 4.1, 4.2 og 4.3 med titlar, ytterlegare underavsnitt innanfor desse igjen.
- Bolk 6 er, i tillegg til utvidinga, også delt inn i 6.1 og 6.2, der underavsnitta fangar opp to ulike typar av samansette namn.

Grunngeving: Alle desse endringane er gjorde for å gje betre oversikt og lette lesinga av reglane.

#### 5. Framlegg til endringar i reglane

Dei føreslåtte endringane er endringar av ord eller setningar, tillegg eller strykingar som vonleg gjer teksten meir presis. Dei føreslåtte endringane er presenterte nedanfor i tabellform. Her går det fram kva som er endra (opphavleg tekst) til kva (føreslått, ny tekst):

Dette er dei føreslåtte endringane:

Under overskrifta «Meiningsinnhald og etymologi» (det som no er føreslått som nytt avsnitt 1.3):

Avsnitt	Frå (opphavleg tekst)	Til (føreslått endra tekst)	Tekst som er teken ut	Tekst som er lagd til
1.3	«Ei skriftform som ikkje skyggjer for <i>meiningsinnhaldet i namnet</i> , vil seie at namnet ikkje berre skal vere lett å skrive og uttale, men òg lett å skjøne.»	«Ei skriftform som ikkje skyggjer for <i>meiningsinnhaldet i namnet</i> , vil seie at allment kjende ord skal ha ei form som kan kjennast att.»		
1.3	«Der eit stadnamn gjennom den nedervde lokale uttalen har fått ei ny tyding som står i strid med den som t.d.	«Der eit stadnamn gjennom den nedervde lokale uttalen har fått ei ny tyding som er i strid med etymologien (for		

	gammalnorske kjelder viser at namnet opphavleg må ha hatt, blir det eit skjønsspørsmål om ein skal basere seg på den eldre eller den moderne tydinga.»	eksempel <i>Røynestad/Røynesdal</i> ), vil ei vurdering avgjere om ein skal basere seg på den eldre eller den moderne tydinga.»		
1.3			«Den vanlegaste praksisen vil vere at ein byggjer på den tydinga folk knyter til namnet i dag.»	
1.3				«I proposisjonen til stadnamnlova (Prop. 65 L (2018–2019) heiter det i merknadene til § 4: «Markering av lang vokal (for eksempel med bruk av dobbel vokal) og bokstavane c, q, w, x, og z skal ikkje godtakast i skriving av allmennord. Grunnen er hovudsakleg at slike skrivemåtar i stor grad forvanskar meiningsinnhaldet.»»

#### 1.4 Nedervd lokal uttale:

<b>Avsnitt</b>	<b>Frå (opphavleg tekst)</b>	<b>Til (føreslått endra tekst)</b>	<b>Tekst som er teken ut</b>	<b>Tekst som er lagd til</b>
1.4	«Dette omgrepet står da i motsetnad til formvariantar som har kome inn utanfrå, enten gjennom dansk skrift i eldre tid, eller gjennom nylaga eller innførte former i nyare tid.»	«Dette omgrepet står da i motsetnad til nyare uttaleformer.»		
1.4			«Det blir likevel presisert at «nedervd» inneber at formene må vere i levande bruk framleis;	

			kan det ikkje påvisast at dei er i bruk sjølv om dei er tradisjonelle, må dei reknast som utdøydd.»	
1.4	«Det er gjennom dei gjeldande rettskrivingsprinsippa at den nedervde lokale uttalen skal normerast til ei skriftform.»	«Det er gjennom dei gjeldande rettskrivingsprinsippa og rettskrivinga for allment kjende ord at den nedervde lokale uttalen skal normerast til ei skriftform.»		

### 1.5 Rettskrivingsprinsipp:

<b>Avsnitt</b>	<b>Frå (opphavleg tekst)</b>	<b>Til (føreslått endra tekst)</b>	<b>Tekst som er teken ut</b>	<b>Tekst som er lagd til</b>
1.5			«Det finst mange ord i dialektane som ikkje blir nytta i skrift, og det kjem inn nye ord, ikkje minst ord frå andre språk.»	
1.5	«Ein må tolke dette slik at den typen namn har ei nedervd lokal uttaleform, som skal liggje til grunn for den skrivemåten som blir valt.»	«Ein må tolke dette slik at namn med slike element har ei nedervd lokal uttaleform, som skal liggje til grunn for den skrivemåten som blir vald.»		

### 1.6 Rettskriving

<b>Avsnitt</b>	<b>Frå (opphavleg tekst)</b>	<b>Til (føreslått endra tekst)</b>	<b>Tekst som er teken ut</b>	<b>Tekst som er lagd til</b>
1.6	«Gjeldande rettskriving er dei rettskrivingane for bokmål og nynorsk som er dei offisielt gjeldande.»	«Gjeldande rettskriving er dei offisielt vedtekne rettskrivingane for bokmål og nynorsk.»		
1.6	«Ein må tolke lova og forskrifta slik at etablerte stadnamn ikkje skal endre skrivemåte om det ordet som ligg til grunn for eit namn eller eit namneledd, får ny skrivemåte ved ei rettskrivingsendring.»	«Ein må tolke lova og forskrifta slik at etablerte stadnamn ikkje automatisk skal endre skrivemåte om det ordet som ligg til grunn for eit namn		

		eller eit namneledd, får ny skrivemåte ved ei rettskrivingsending.»		
1.6			«Denne tolkinga blir støtta av det siste leddet i forskrifta § 1, som gir den føringa for lov- og forskrifftolkinga at desse reglane primært skal gjelde i tilfelle der nye namn blir gitt, eller namn blir endra av andre grunnar enn reint språklege, mens namn med ei fast etablert og innarbeidd form skal halde på den forma dei har.»	

#### 1.7 Rettskrivingsformer:

<b>Avsnitt</b>	<b>Frå (opphavleg tekst)</b>	<b>Til (føreslått endra tekst)</b>	<b>Tekst som er teken ut</b>	<b>Tekst som er lagd til</b>
1.7	«Ei rettskrivingsform er ei skriftform som er i samsvar med den gjeldande offisielle rettskrivinga i bokmål og/eller nynorsk.»	«Ei rettskrivingsform er ei skriftform som er i samsvar med den gjeldande offisielle rettskrivinga. I nokon mon kan ein også akseptere eldre rettskrivingsformer i bokmål eller nynorsk etter 1938 som har normeringstradisjon.»		

#### 1.8 Regionale samleformer:

<b>Avsnitt</b>	<b>Frå (opphavleg tekst)</b>	<b>Til (føreslått endra tekst)</b>	<b>Tekst som er teken ut</b>	<b>Tekst som er lagd til</b>
1.8	«Dei kan seiast å representere ulike, men nærskyldte, lokale uttaleformer, t.d. <i>håg(en)</i> (rettskrivingsform: <i>haug(en)</i> ), <i>stugu</i> eller <i>stogo</i>	«Dei kan seiast å representere ulike, men nærskyldte, lokale uttaleformer, t.d. <i>støyl</i> , <i>staul</i> og <i>stul</i>		

	(rettskrivingsform: <i>stua</i> eller <i>stova</i> ), <i>tjenn</i> eller <i>tjønn</i> (rettskrivingsformer: <i>tjern</i> eller <i>tjørn</i> ).»	(rettskrivingsform: <i>støl</i> ), <i>stugu</i> eller <i>stogo</i> (rettskrivingsformer: <i>stua</i> eller <i>stova</i> ), <i>tjenn</i> eller <i>tjønn</i> (rettskrivingsformer: <i>tjern</i> eller <i>tjørn</i> ).»		
1.8	«Ved å bruke regionale samleformer i stadnamn kan ein fremje meir talemålsnære former enn rettskrivinga gir høve til, utan å opne for ei uoversiktleg mengd lokale skriftformer.»	«Ved å bruke regionale samleformer i stadnamn kan ein fremje meir talemålsnære former enn rettskrivinga gir høve til, utan å opne for ei uoversiktleg mengd lokale dialektformer.»		
1.8				«Dei formene i 2–6 nedanfor som kan nyttast utan vilkåret «særlege grunnar», er å rekne som regionale samleformer.»

### 1.9 Lokale dialektformer:

Dei to første avsnitta i den opphavlege versjonen tek opp att trekk ved og døme på regionale samleformer, som er omtala i avsnitt 1.8. Desse er tekne ut i den reviderte versjonen. Her er første setninga, som definerer lokale samleformer, teken med (litt endra), før teksten går vidare på tredje avsnitt.

Avsnitt	Frå (opphavleg tekst)	Til (føreslått endra tekst)	Tekst som er teken ut	Tekst som er lagd til
1.9	«Ei lokal dialektform er ei dialektform utan stor regional utbreiing, eller som det ikkje er vanleg å uttrykkje særskilt i skrift.»	«Ei lokal dialektform er ei dialektform som oftast ikkje har stor regional utbreiing, og som det ikkje er tradisjon for å nytte i namnenormeringa.»		
1.9	«Etter normeringstradisjonen er det vanleg å leggje sterkt avvikande dialektformer nær opp til uttalen (t.d. <i>fjødd</i> for <i>fjell</i> , <i>kvæv</i> for <i>kvelv</i> , <i>høy</i> for <i>haug</i> ).»	«Etter normeringstradisjonen er det vanleg å leggje sterkt avvikande dialektformer nær opp til uttalen dersom slike former skal nyttast (t.d. <i>fjødd</i> for		

		<i>fjell, kvæv for kvelv, høy for haug).»</i>		
1.9	«Viktige prinsipp i denne sammenhengen er <i>konsekvens</i> og <i>einskap</i> . Det vil seie at same ordet eller same målmerket som hovudregel blir skrive likt innanfor same dialektområdet/kommunen.»	«Bruk av skrivemåtar som i større eller mindre grad er talemåstilpassa, må ha som føresetnad at dei aktuelle ordformene er nytta i vanleg daglegtale i området som appellativ, adjektiv og så vidare.»		

Grunngeving for endringa i 1.9 er at trekka *konsekvens* og *einskap* etter dei siste revisjonane av lov og forskrift i mindre grad enn tidlegare er brukte som argument for skrivemåtar i tilrådingar.

<b>Avsnitt</b>	<b>Frå (opphavleg tekst)</b>	<b>Til (føreslått endra tekst)</b>	<b>Tekst som er teken ut</b>	<b>Tekst som er lagd til</b>
1.9				«Dei formene i 2–6 nedanfor som kan nyttast under vilkåret «særlege grunnar», er rekna som lokale dialektformer. Men òg andre former kan reknast som lokale dialektformer, jamfør punktet 3.10.»

### 2 Kjønn, tal og form:

<b>Avsnitt</b>	<b>Frå (opphavleg tekst)</b>	<b>Til (føreslått endra tekst)</b>	<b>Tekst som er teken ut</b>	<b>Tekst som er lagd til</b>
2	«Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen.»	«Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform og bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen i området. Sjå òg punkt 6 om samansette namn.»		

### 3 Ordformer:

<b>Avsnitt</b>	<b>Frå (opphavleg tekst)</b>	<b>Til (føreslått endra tekst)</b>	<b>Tekst som er teken ut</b>	<b>Tekst som er lagd til</b>
3.1	«I ord der ein har val mellom diftong ( <i>stein, straum</i> ) og monoftong ( <i>sten, strøm</i> ) skal ein som hovudregel følgje dialektuttalen.»	«I ord der ein i rettskrivinga har val mellom diftong ( <i>stein, straum</i> ) og monoftong ( <i>sten, strøm</i> ) skal ein som hovudregel følgje dialektuttalen.»		3.1 har fått tittelen <i>Diftong/monoftong</i>

Grunngevinga for endringa av teksten i 3.1 er at det bør presiserast at det er i rettskrivinga det er val mellom diftong og monoftong.

<b>Avsnitt</b>	<b>Frå (opphavleg tekst)</b>	<b>Til (føreslått endra tekst)</b>	<b>Tekst som er teken ut</b>	<b>Tekst som er lagd til</b>
3.2			«Når særlege grunnar talar for det (jamfør 1), kan ein nytte skrivemåtar med dobbelt konsonant i samsvar med dialektuttale med kort rotvokal (t.d. <i>håggån</i> for /håg:ån/).»	3.2 har fått tittelen <i>Jamvektsformer</i>

Bakgrunnen for endringa i 3.2 er at det er innarbeidd praksis å skrive dobbelt konsonant i namn av denne typen i ein del trøndelagskommunar, og at dette ikkje treng ein særskild heimel, som òg kan oppfattast som ei innskrenking.

3.3				3.3 har fått tittelen <i>Konsonantsamband</i>
3.4				3.4 har fått tittelen <i>Stemt konsonantuttale</i>
3.5				3.5 har fått tittelen <i>Tjukk l</i>
3.6	«Når særlege grunnar talar for det (jamfør 1), kan skrivemåten <i>dn</i> for uttalen <i>dn</i> etter <i>rn</i> nyttast i samsvar med dialektuttalen.»	«I område med uttalen <i>dn</i> for <i>rn</i> kan skrivemåten <i>dn</i> nyttast når særlege grunnar talar for det.»		3.6 har fått tittelen <i>Konsonantsambandet rn</i>
3.7		Det er føreslått ei oppretting i tredje line av «kan» til «skal til vanleg», slik at dei tre linene får eins ordlyd.		3.7 har fått tittelen <i>Gammalnorsk hv</i>

3.8	«Når dialektar som har bevart gammalnorske trekk som elles har falle bort i norsk, ligg til grunn, kan det visast i skrivemåten. Skrivemåten kan til dømes vere <i>Li</i> (gjeldande rettskrivingsform) eller <i>Lid</i> (tidlegare rettskrivingsform).»	«Når dialektar har bevart namneledd med uttale som ligg nær norrøne former, men utanfor gjeldande rettskriving, kan det visast i skrivemåten. Er uttalen /strånn/, kan skrivemåten til dømes vere <i>strond</i> (norrøn form <i>strōnd</i> ) eller <i>strand</i> (gjeldande rettskrivingsform). Er uttalen /lid/, kan namneleddet skrivast <i>lid</i> (norrøn form ( <i>h</i> ) <i>lið</i> ) eller <i>li</i> (gjeldande rettskrivingsform).»		3.8 har fått tittelen <i>Bevaring av trekk frå eldre språksteg</i>
-----	--	--	--	--

Det er sett inn eit nytt avsnitt 3.9 som har fått tittelen *Moderne ø for gammalnorsk o/ø*. Dette er gjort for å omtale skrivemåtar som *ødde* og *vøll* for *odde* og *voll*, som er praktisert i visse kommunar. Hovudheimelen for denne praksisen vil framleis vere at lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det, men det er eit ønske frå aktuelle kommunar at regelen blir presisert.

Avsnitt	Frå (opphavleg tekst)	Til (føreslått endra tekst)	Tekst som er teken ut	Tekst som er lagd til
3.10				3.10, tidlegare 3.9, har fått tittelen <i>Særlege grunnar</i> og òg ei tilvising til 1.9.
3.11		Det nye punktet, 3.11 <i>Aksenteikn</i> , opnar for mogleg bruk av aksenteikn i skrivemåten av somme namn, slik som <i>Hølevegen</i> for å vise /å/-uttale.		3.11 har fått tittelen <i>Aksenteikn</i> .

#### 4 Bøyingsverk:

Avsnitt 4.1 har fått tittelen *Eintalsformer – sterke hokjønnsord*, medan avsnitt 4.2 har fått tittelen *Eintalsformer svake hokjønnsord*. Det er nyskrive eit avsnitt om hankjønnsformer, og dette avsnittet er no eit nytt avsnitt 4.3 med tittelen *Eintalsformer – svake hankjønnsord*. Det som før var avsnitt 4.3, er no blitt avsnitt 4.4 med tittelen *Fleirtalsformer*. For dette avsnittet er det i tillegg føreslått ein noko endra struktur med litt fleire underdelingar.

## 4.1

Avsnitt	Frå (opphavleg tekst)	Til (føreslått endra tekst)	Tekst som er teken ut	Tekst som er lagd til
4.1.1	«-a i samsvar med rettskrivinga og dialektuttalen.»	«-a i samsvar med rettskrivinga.»		

Underavsnitta 4.1.3 og 4.1.4 har bytt plass.

4.1.4	«-e, -o og -å i samsvar med dialektuttalen. Uttalen /liå/ kan såleis gje skrivemåten <i>lia</i> etter rettskrivinga eller <i>liå</i> etter dialektuttalen.»	«Når særlege grunnar talar for det, kan endingane -e, -o og -å nyttast når dette samsvarar med dialektuttalen. Uttalen /liå/ kan såleis gje skrivemåten <i>lia</i> etter rettskrivinga eller <i>liå</i> etter dialektuttalen.»		
4.1.4				«når særlege grunnar talar for det»
4.1.5				«når særlege grunnar talar for det»

Tillegget «når særlege grunnar talar for det» til 4.1.4 og 4.1.5 vil seie at dei aktuelle endingane blir å rekne som lokale dialektformer, som kan nyttast når særlege grunnar talar for det, medan statusen for endingane i 4.1.1, 4.1.2 og 4.1.3 er uendra. Dette er i samsvar med tradisjonen i namnenormeringa.

## 4.2

4.2.1	«-a i samsvar med rettskrivinga og dialektuttalen. Døme: <i>hola</i> , <i>holoa</i> .»	«-a i samsvar med rettskrivinga.»		
-------	--	-----------------------------------	--	--

4.2.2. blir nytt 4.2.4, og ordlyden blir endra:

4.2.2	«-o og -å i samsvar med dialektuttalen. Døme: <i>holo</i> , <i>holå</i> .»	«Når særlege grunnar talar for det, kan endingane -o og -å nyttast i samsvar med dialektuttalen. Døme: <i>holo</i> , <i>holå</i> .»		
4.2.3	«-a, -u, -o, -å i jamveksord i trøndsk og austlandsk i samsvar med dialektuttalen. Døme: <i>stova/stua/stugua/stogo/stågå</i> .»	«Når særlege grunnar talar for det, kan endingane -a, -u, -o, -å nyttast i jamveksord i trøndsk og		

		austlandsk i samsvar med dialektuttalen. Døme: <i>stova/stua/stugua/stogo/stågå.»</i>		
--	--	---	--	--

Tillegget av «når særlege grunnar talar for det» i 4.2.3 og 4.2.4 er òg ei endring i formell status, som har bakgrunn i den faktiske tradisjonen i namnenormeringa.

I det som no er føreslått som nytt avsnitt 4.3, nemner underavsnitt 4.3.1 endinga *-en* etter rettskrivinga, medan underavsnitt 4.3.2 nemner endinga *-in* dersom denne samsvarar med dialektuttalen. Bakgrunnen for dette tillegget er at endinga *-in* er nytta i visse kommunar. Hovudheimelen for denne praksisen vil framleis vere at lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.

#### 4.4

Avsnitt	Frå (opphavleg tekst)	Til (føreslått endra tekst)	Tekst som er teken ut	Tekst som er lagd til
4.4.1.2 (før 4.3.1)	« <i>-an(e)</i> når dialektuttalen er <i>-an(e)</i> , <i>-ain(e)</i> , <i>-æn(e)</i> , <i>-æin</i> [o.l.]. Døme: <i>bakkan(e)</i> .»	« <i>-an</i> (regional samleform) eller <i>-ane</i> (rettskrivingsform) når dialektuttalen er <i>-an(e)</i> , <i>-ain(e)</i> , <i>-æn(e)</i> , <i>-æin</i> [o.l.]. Døme: <i>bakkan(e)</i> .»		
4.4.1.3 (før 4.3.2)	« <i>-en(e)</i> når dialektuttalen er <i>-en(e)</i> , <i>-eine</i> , <i>-en(a)</i> [o.l.]. Døme: <i>bekken(e)</i> .»	« <i>-en</i> (regional samleform) eller <i>-ene</i> (rettskrivingsform) når dialektuttalen er <i>-en(e)</i> , <i>-eine</i> , <i>-en(a)</i> [o.l.]. Døme: <i>bruen(e)</i> .»		
4.4.1.4 (før 4.3.3)	« <i>-in(e)</i> , <i>-on(e)</i> , <i>-un(e)</i> og <i>-ån(e)</i> i samsvar med dialektuttalen. Døme: <i>myrin(e)</i> , <i>lykkjun(e)</i> .»	« <i>-in(e)</i> (regional samleform) eller <i>-ene</i> (rettskrivingsform) når dialektuttalen er <i>-in(e)</i> . Døme: <i>bygdin(e)</i> jamsides rettskrivingsforma <i>bygdene</i> .»		
4.4.1.5 (nytt)				« <i>-un(e)</i> og <i>-on(e)</i> (regionale samleformer) eller <i>-ene</i> (rettskrivingsform) når dialektuttalen er <i>-un(e)</i> , <i>-on(e)</i> og <i>-ån(e)</i> . Døme: <i>brekkun(e)</i> / <i>brekkon(e)</i> og <i>lykkjun(e)</i> / <i>lykkjon(e)</i> jamsides rettskrivingsformene <i>brekkene</i> og <i>lykkjene</i> .»

4.4.1.6 (før 4.3.4)	«-a i samsvar med dialektuttalen. Døme: <i>bakka</i> .»	«-a i til dømes <i>bakka</i> (regional skrivemåte i tråd med dialektuttalen) eller <i>-ene / -ane</i> (rettskrivingsformer).»		
4.4.2 (før 4.3.5)	«Inkjekjønnsord som i bunden form fleirtal har samanfall med bunden form eintal av sterke hokjønnsord, får same ending som dei. Døme: <i>fjella, fjelli, fjellå</i> .»	«Inkjekjønnsord som i bunden form fleirtal har samanfall med bunden form eintal av sterke hokjønnsord, kan få same ending som dei. Døme: <i>fjella, fjelli, fjellå</i> .»		
4.4.3 (før 4.3.6)	«Når særlege grunnar talar for det (jamfør 1), kan skrivemåtane <i>-adn(e), -edn(e), -idn(e), -udn(e)</i> nyttast i samsvar med dialektuttalen.»	«Når særlege grunnar talar for det (jamfør 1.9), kan skrivemåtane <i>-adn(e), -edn(e), -idn(e), -udn(e)</i> - eller <i>-atn, -etn, -itn</i> og <i>-utn</i> nyttast i samsvar med dialektuttalen.»		

Bakgrunnen for tillegget i nye 4.4.3 er at somme av dei aktuelle skrivemåtane er nytta i visse kommunar. Hovudheimelen for denne praksisen vil framleis vere at lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.

#### 5 Dativ

Avsnitt	Frå (opphavleg tekst)	Til (føreslått endra tekst)	Tekst som er teken ut	Tekst som er lagd til
5 Dativ	«Namn som opphavleg var dativformer, bør halde på dativendinga. Det gjeld først og fremst dativ fleirtal, som kan få endinga <i>-o, -om</i> eller <i>-um</i> i samsvar med dialektuttalen. Døme: <i>Geilo, Haugom, Sveum</i> .»	«Når ei opphavleg dativform av eit namn er eineform, bør dativforma brukast. Det gjeld først og fremst dativ fleirtal, som kan få endinga <i>-o, -om</i> eller <i>-um</i> i samsvar med dialektuttalen. Døme: <i>Geilo, Haugom, Sveum</i> .»		

#### 6 Samansette namn

Avsnitt	Frå (opphavleg tekst)	Til (føreslått endra tekst)	Tekst som er teken ut	Tekst som er lagd til
6 Samansette namn	«Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen. Døme: <i>Kristiansandsfjorden, Oslofjorden, Viksfossen, Mulvikgarnet, Vikafjellet, Vikfjell, Vikefjell</i> .»	«Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med det mønsteret for samanbinding som kjem til uttrykk i den munnlege stadnamntradisjonen i området. Døme: <i>Kristiansandsfjorden, Oslofjorden, Viksfossen,</i>		

		<p><i>Strandvikfjellet, Vikafjellet, Vikefjell.</i> Andre døme på aktuelle samansetningar er namneformer med <i>ja</i>-fugar (som <i>Engjabø</i> og <i>Øykjaskar</i>), namn med <i>ar</i>-fugar (som <i>Liarhaug</i> og <i>Lagareidet</i>) og namn med <i>jar</i>-fugar (som <i>Hyljarås</i> og <i>Bekkjarvik</i>). Somtid kan faste samansetningar skrivast med bindestrek, t.d. <i>Ner-Kalvika</i>.»</p>	
6.1 Lause samansetningar			<p>«Det er vanleg i norsk ord- og namnelaging at tillegg som <i>øvre</i>, <i>nedre</i>, <i>ytre</i> og <i>indre</i> står framom dei namna som dei er knytte til. Ein bør derfor nytte namneformer som <i>Øvre Moen</i>, <i>Nedre Li</i>, <i>Ytre Dalen</i> og <i>Indre Haug</i>, ikkje <i>Moen øvre</i>, <i>Moen Øvre</i>, <i>Li nedre</i> og så vidare.»</p>
6.2 Samansetningar der føreleddet byggjer på eit namn i bunden form			<p>«Mange namn har bunden form, men i tradisjonell namnelaging inngår stammeforma, ikkje den bundne forma, i samansett namn: <i>Stokkan</i>, men <i>Stokkgjerdet</i>; <i>Mandalen</i>, men <i>Mandalselva</i>. Dette mønsteret bør som hovudregel følgjast i nylaga namn (t.d.</p>

				adressenamn og tunnel- og brunamn).»
--	--	--	--	--